



Agi Eiendom As
Urdavegen 1
5750 Odda

Dykkar ref.

Vår ref.

25/2678-14 /FHOY54263/26/29939

Arkiv:

Dato

Plan-46182025003, 16.09.2026

PlanNavn-

Beredskapshus

Odda, PlanType-

35, GBNR-53/40

Varsel om utviding av plangrense - Detaljreguleringsplan for Beredskapshus Odda, planID 46182025003

Ullensvang kommune varslar utviding av planområde for detaljreguleringsplan for Beredskapshus Odda, planID 46182025003. Utviding skjer som resultat av nabomøte som vart heldt i kommunestyresalen 26.05.2026. Her var køyrbar tilkomst til eigedomane langs gang- og sykkelveg (gards- og bruksnummer 53/113 og 53/114) eit av temaa.

Du får tilsendt dette brevet då du anten er heimelshavar/interessent innanfor den nye planavgrensinga, eller heimelshavar/interessent som er tilgrensande planavgrensinga, i tråd med plan- og bygningsloven (pbl) § 12-8 første ledd og tredje ledd.

Føremål for utvidinga av planområdet

For å få ei god kryssløysing inn i planområdet og til nabolag vel kommunen å utvide avgrensinga på planområdet, slik at ein kan regulera inn betre vegløysing. Det vert òg utvida på vestsida av riksveg 13 (Røldalsvegen) for å gje noko meir areal med omsyn til riksvegen og kryssløysinga, samt utviding nordover langs riksvegen.

Sjå vedlagt kart for noverande planavgrensing ("Vedlegg 1.0 Noverande kart"), samt kart for ny planavgrensing etter utviding ("Vedlegg 2.0 Framtidig kart") for visualisering.

Innspel

Eventuelle merknader og innspel som kan ha innverknad og/eller vera av interesse for planarbeidet sendast skriftleg til Ullensvang kommune på e-post postmottak@ullensvang.kommune.no eller fysisk som brev til Ullensvang kommune, Opheimsgata 31, 5750 Odda, og skal merkast med "Detaljreguleringsplan for Beredskapshus Odda, planID 46182025003".

Frist for uttale/merknad vert sett til 30.10.2026 (seks veker), jf. pbl § 12-10 første ledd.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss i

Ullensvang rådhus
Opheimsgata 31, 5750 Odda

> www.ullensvang.kommune.no



Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Ullensvang kommune v/ sakshandsamar Frank Aleksander Høyland på e-post: frank.hoyland@ullensvang.kommune.no.

Plandokument er publisert på kommunen sine internettsider (https://ullensvang.kommune.no/tenester/politikk-administrasjon-og-okonomi/innsyn/postliste-saker-og-dokument/#/details/a-d572b5cb_461a_4e0e_87e7_d3e2cfccc410-2019027829!OtVzjR), samt på kommunen sitt digitale planregister Arealplaner.no (<https://arealplaner.no/ullensvang4618/arealplaner/319>).

Helsing

Frank Aleksander Høyland
kommuneplanleggjar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Vedlegg
Vedlegg 1.0 Noverande kart
Vedlegg 2.0 Framtidig kart